

Årsmelding for BUR 2024

På årsmøtet gjekk Ragnhild Stople ut og Gøril Kvinge Nesheim kom inn. Og resten av året var styret samansett som følgjer:

Ågot Lavik	leiar
John Alvheim	nestleiar
Jan Ole Høiby Hansen	skrivar
Gøril Kvinge Nesheim	medlem
Johan Gravdal	varamedlem

Styret hadde 7 møte i 2024 og handsama 26 saker, dei fleste knytt til planlegging av leir. Det var ein leir våren 2024 for 4.-7. trinn med 15 deltakarar helga 15.-17. mars, og ein fullteikna adventleir for same aldersgruppe 22.-24. november med 31 deltakarar. Vidar Nes Mygland var med som talar på vårleiren og Tom Dervola Oseberg var med på adventleiren. Leirane vert arrangert i samarbeid med kyrkja i Vaksdal og trusopplærar Kristin Straume Normann har vore til stor hjelp med å få ut invitasjonar, ta i mot påmelding, planlegging og som leirsjef. Me er svært takksame for alle som har brukt av fritida si til å vera med som leiarar/leirsjefar. Be gjerne for alle som stiller opp for å gjera det mogeleg å arrangera leirar, og for alle som har vore deltakarar. Vårt ynskje er at Fagertun skal vera ein stad der det er godt å vera og der ein får høyra om Jesus og verta kjend med han.

For BUR

Ågot Lavik